



Slaktinga i full gang på Haugland - det er Tor Ove Haugland og Arvid Eide som er i arbeid. (Foto: Jane Haaranes)

Ikkje uventa vart det sett ny fellingsrekord i landets største hjortekommune Kvinnherad i haust.

Det vart felt 1070 hjortar, 89 fleire enn den gamle rekorden som var frå i fjor, opplyser viltforvaltar Leiv Trygve Varanes.

Dette er første gong det er skote over 1.000 hjortar i ein kommune her i landet.

Den tildelte fellingskvoten var på 1246 dyr og dermed enda fellingsprosenten på 85,87. Av dei skotne dyra var det 49 prosent hodyr og 51 prosent hanndyr.

Det er eit ynskje å fordela kjønnsuttaket mest mogeleg likt. Når det i år vart ein visse forskjell skuldast det at det vart teke ut langt fleire bukkekalvar enn kollekalvar.

Ellers er det positivt at talet på unge kollar har auka mykje, det er i samsvar med planen for hjorteforvaltninga.

Mauranger vart liggjande nederst på fellingsstatistikken dette året med 65,1 prosent medan statistikken vart toppa av Halsnøy/Borgundøy med 98,8. Regionen frå Valen til Holmedal kom opp i 96,2 prosent.

Det vart felt 279 eldre kollar. 147 åringskollar og 98 kollekalvar.

Fellingstalet for eldre bukkar var 257 medan det vart skote 148 pikhydningar og 141 bukkekalvar, opplyser viltforvaltaren.

53.440 kilo hjortekjøtt vart hausta denne hausten.

Av Ola Matti Mathisen